

Felles rutine for heilskapleg ivaretaking av barn i fosterheim

utarbeidd gjennom **MISSION POSSIBLE**

ID	Forfattar	Godkjent av	Status	Gjeld frå
	Arbeidsgruppe i Mission Possible Sekretæriat Laila Grytten Anne Venke Myren	Styringsnettverk MP 29.02.2016 Kontaktpersonar/ referansegruppe MP 09.03.2016 Rådmennene på Sunnmøre 18.03.16	Publisert	01.06.2016
Sist endra 24.05.2016	Revideringsansvarleg Prosjektleiing MP	Neste revisjon 01.06.2017	Endringsnivå Revisjon	Utgåve 1


Formål	➤ Sikre at barn som vert plassert i fosterheim vert heilskapleg ivaretatt gjennom heile flytteprosessen, og gjennom heile opphaldet i fosterheimen med fokus på helse, omsorg og læring. ➤ Sikre at det til ei kvar tid blir lagt til rette for at barnet kan medverke til val av løysingar, ut frå alder og modning. Jmf. anbefalingar for forsvarleg barnevernpraksis – Mitt Liv-prosjektet
Omfang	➤ Rutinen er godkjent i rådmannsgruppa 18.03.2016, og gjeld for kommunane på Sunnmøre. ➤ Kontaktpersonane i kommunane er sentrale aktørar i implementeringa. ➤ Rutinen er godkjent i Styringsnettverket for Mission Possible, og gjeld for alle aktørane i Mission Possible ➤ For å få full effekt av rutinen må den følgast av alle partar som har eit ansvar / ei rolle i oppfølging av barnet gjennom prosessen.
Ansvar	Rutinen gjeld for alle fagtenester med ansvar for tenester til barn og unge ➤ Kommunane på Sunnmøre ➤ Helse Møre og Romsdal – område Sunnmøre ➤ Bufetat – område Sunnmøre ➤ Politiet – område Sunnmøre
Aktivitet	Rutinen beskriv ansvar og roller for hjelpeapparatet i samband med flytting av barn til fosterheim.
Vedlegg	• Sjekkliste for barnevern i bukommune – godkjenning av fosterheim • Sjekkliste for barnevern i omsorgskommunen – ved flytting • Sjekkliste for barnevern i omsorgskommunen – etter flytting • Sjekkliste for helsesøstre og fastleger – Helsesjekk barn i risiko • Sjekkliste for barnevern i omsorgskommunene – Tilsyn med barn i fosterheim • Sjekkliste for barnevern i bukommunen – Tilsyn med barn i fosterheim • Sjekkliste for tilsynsinnsans i kommunen – Tilsyn med barn i fosterheim • Mal for tilsynsrapport – Rapport etter tilsyn med barn i fosterheim.

HEILSKAPLEG IVARETAKING AV BARN I FOSTERHEIM

Felles rutine for Sunnmøre utarbeidd gjennom **MISSION POSSIBLE**

Godkjent i rådmannsgruppa 18.03.2016

Presentert på Color Line Stadion 14.04.2016 – gjeldande frå 01.06.2016



Overordna målsetting:

- Barn som vert plassert i fosterheim skal vere sikra ei heilskapleg ivaretaking gjennom heile flytteprosessen, og gjennom heile opphaldet i fosterheimen med fokus på helse, omsorg og læring.
- Det skal til ei kvar tid leggjast til rette for at barnet kan medverke til val av løysingar, ut frå alder og modning. Jmf. Anbefalingar for forsvarleg barnevernpraksis – Mitt Liv-prosjektet

INNHALD:

1. Innleiing

- 1.1 Ansvarsfordeling
- 1.2 System for heilskapleg ivaretaking – barnet sin prosess
- 1.3 Heilskapleg ivaretaking – HOL

2. DEL 1: Rutine for heilskapleg ivaretaking av barn i fosterheim

- 2.1 Fase 1: FØR barnet flyttar
- 2.2 Fase 2: NÅR barnet flyttar
 - 2.2.1 Sjekkliste for barnevern i omsorgskommunen når barnet flyttar
- 2.3 Fase 3: ETTER at barnet har flytta
 - 2.3.1 Sjekkliste for barnevern i omsorgskommunen etter barnet har flytta
- 2.4 Andre sjekklister
 - 2.4.1 Sjekkliste for barnevern bukommune: Godkjenning av fosterheim
 - 2.4.2 Sjekkliste for fastlegar: Helsesjekk - barn i risiko
 - 2.4.3 Anbefalingar for forsvarleg barnevernpraksis – Mitt Liv - prosjektet

3. DEL 2: Rutine for forsvarleg og profesjonelt tilsyn med barn i fosterheim

- 3.1 Kven har ansvar for kva?
- 3.2 Sjekkliste for tilsynsinstans i bukommunen – Tilsyn med barn i fosterheim
- 3.3 Sjekkliste for barnevern i bukommunen – Tilsyn med barn i fosterheim
- 3.4 Sjekkliste for barnevern i omsorgskommunen – Tilsyn med barn i fosterheim
- 3.5 Mal Tilsynsrapport – Rapport etter tilsyn med barn i fosterheim

1. INNLEIING

Styringssignal og bakgrunn for rutinane:

- Lov om barneverntenester 17.juli 1992 nr.100
- Forskrift om fosterhjem 18.desember 2003 med hjemmel i lov av 17.juli 1992 nr 100 om barneverntjenester
- Forskrift om medvirkning og tillitsperson 01.juni 2014 med hjemmel i lov av 17. juli 1992 nr. 100 om barneverntjenester
- Opplæringslova 17. juli 1998 nr. 61
- Lov om helsepersonell 02. juli 1999 nr. 64
- Lov om helse og omsorgstjenester 24. juni 2011 nr. 30
- Lov om folkehelsearbeid 24.06.11 nr. 29

Barnekonvensjonen:

Pkt. 12: *“Alle barn har rett til å seie meininga si og den skal bli tatt på alvor.”*

Pkt. 13: *“Alle barn har rett til å informasjon om det dei lurar på og rett til å gi uttrykk for det dei meiner så lenge dei ikkje bryt andre sine rettar”.*


Pkt.25: *“Alle barn har rett til å bli fylgde opp viss dei ikkje bur hos familien sin.”*

Desse rutinane er utarbeidd i samarbeid mellom barnevernleiarane på Sunnmøre, Bufetat og representantar for alle fagtenester med ansvar inn mot barn i fosterheim gjennom **MISSION POSSIBLE**, etter mandat frå rådmennene og styringsnettverket i 2014. Rutinane må sjåast i samanheng med gjeldande lovverk, forskrifter og veiledere. Rutinane bør leggst inn i kommunane sitt kvalitetssystem for å sikre kvalitet og korrekt avvikshandtering. Rutinane skal evaluerast og reviderast pr. 01.01.16 og årleg deretter gjennom felles prosess i Mission Possible.

1.1 ANSVARSFORDELING

Forpliktande samhandling og naudsynt samordning på tvers av fag, nivå, sektorar og kommunar må til for å sikre at barna blir heilskapleg ivaretatt gjennom prosessen frå flytting frå ein heim til ein annan.

Desse instansane har ansvar for dette:



Omsorgskommunen sitt ansvar

Etter vedtak i fylkesnemnda tek omsorgskommunen over omsorga for barn. Kommunen ved barneverntenesta får då ansvar for at barnet blir heilskapleg ivaretatt og får ein best mogleg oppvekst. Dette ansvaret får omsorgskommunen også ved frivillige plasseringar i fosterheim eller ved akutt plasseringar i beredskapsheim.

Omsorgskommunen ved barneverntenesta skal gjennom dialog med fosterforeldre og aktuelle samarbeidspartar syte for at dette oppdraget blir utført på beste måte, og pliktar å gjennomføre oppfølgingsbesøk i fosterheimen minimum 4 gongar pr. år. Ved desse besøka skal omsorgskommunen ved barneverntenesta gjennomføre samtale både med barnet (om det er stort nok) og med fosterforeldre.

Etter at barnet har vore plassert i fosterheimen i 2 år, kan omsorgskommunen v. barneverntenesta vurdere å redusere talet på besøk til minimum 2 gongar i året.

Bufetat sitt ansvar

Bufetat har ansvar for å rekruttere og gjennomføre opplæring for nye fosterforeldre gjennom PRIDE-kurs.

Vidare tilbyr Bufetat rettleiing i gruppe det første året for nye fosterforeldre, samt at dei har ansvar for tre månaders og eit års evalueringar.

Utover dette skal Bufetat bistå kommunane med rettleiing der det er fare for sprekk i fosterheimen. Familievernkontoret har fått eit særskilt ansvar for å gje eit tilbod til foreldre som er fråteken omsorga for barna sine.

Bukommunen sitt ansvar

➤ Tilsynsinstans:

Har ansvar for å føre tilsyn med fosterbarnet for å kontrollere om barnet har det bra i fosterheimen og at barnet får den oppfølging det har krav på i høve helse, omsorg og læring. Det skal førast tilsyn minimum fire gongar i året. For barn som har fylt 15 år og som har vore plassert i same fosterheim i meir enn to år, kan barneverntenesta vedta at tilsynet skal reduserast til minimum to gongar i året.


➤ Hjelpeapparat:

Har same ansvar for å følge opp fosterbarn som andre barn i kommunen.

1.2 SYSTEM FOR HEILSKAPLEG IVARETAKING – BARNET SIN PROSESS

Konsekvensen er at kommunen må ha eit system som sikrar at den er førebudd når barnet kjem, samt at barnet får den ivaretakinga det har behov for både i høve helse, omsorg og læring frå første dag i ny heim. Mange aktørar har ansvar – saman må vi sørge for at mange fagblikk har felles fokus – gjennom ein felles prosess med klar ansvarsfordeling.

Dette systemet kan framstillast som ein prosess i 3 fasar:



1.3 HEILSKAPLEG IVARETAKING – HOL

Helsetilstand, omsorgssituasjon og læringssituasjon påverkar kvarandre gjensidig. For å ivareta barnet heilskapleg må dei ulike perspektiva samordnast. Systemet må sikre at alle perspektiv blir ivaretatt, og samordna for å gi barnet dei beste mulighetene til ein god oppvekst og eit godt liv. Det er aktørane sitt felles ansvar.

HELSEPERSPEKTIVET (H)

Målsetting: Sikre barnet forsvarleg oppfølging og tidleg, rett og koordinert nødvendig helsehjelp ift både fysisk og psykisk helse.

Barn med omsorgstiltak frå barnevernet er i særskilt risiko for utvikling av helseproblem, og må derfor følgast nøye opp ift dette. Tiltak må til ei kvar tid vere basert på barnet sine behov

Barnevernet i omsorgskommunen har det overordna ansvaret for at dette skjer, men helsesøster i bukkommunen skal aktivt medverke til dette, gjennom ansvar for koordinering og oppfølging lokalt i nært samarbeid med barnet, fosterforeldre og fastlege.

OMSORGSPERSPEKTIVET (O)

Målsetting: Sikre stabil og optimal omsorgssituasjon for barnet i ny heim og nytt oppvekstmiljø som fremmer trygghet, trivsel og meistring.

Barn med omsorgstiltak frå barnevernet er i særleg risiko for å vere traumatiserte og tilknytningsskadd. Barna kan derfor trenge særskilte tiltak og spesiell oppfølging over lang tid for å bote på skadane, og bidra til at barnet blir mest mogleg trygg og får best moglege føresetnader for ein god oppvekst og eit godt vaksenliv.

Opplevingane barnet har med seg er ein ting, men overgangen til ny heim, ny familie, nytt miljø er stor – og det må derfor leggjast vekt på å trygge barnet i denne situasjonen, gjennom spesiell vekt på tilrettelegging for integrering og utvikling av vennenettverk i nytt miljø

Barnevernet i omsorgskommunen har det overordna ansvaret for at dette skjer, men tilsynsinstansen i bukkommunen skal gjennom sin kompetanse medverke til at barnet får den oppfølginga det treng på dette området – gjennom ei forsvarleg og profesjonell tilsynsordning.

LÆRINGSPERSPEKTIVET (L)

Målsetting: Sikre at barn med omsorgstiltak frå barnevernet får optimal tilrettelegging for å lære og mestre.

Barn med omsorgstiltak frå barnevernet er i særleg risiko for å utvikle vanskar seinare i livet. Å mestre skule er ein sær viktig beskyttelsesfaktor, og i heilskapleg ivaretaking av desse barna må det derfor leggjast til rette for at dei får eit opplæringstilbod i samsvar med sine evner og interesser – på lik linje med alle andre barn. Ein må vere spesielt merksam på at traumatiske opplevingar eller helserelaterte vanskar kan påverke læring, og læringsarenaen må tilretteleggast ut frå barnet sine behov, jmf rett til tilpassa opplæring – i kombinasjon med tiltak som avhjelpar ift problem knytt til opplevd traume / helsemessige utfordringar.

Barnevernet i omsorgskommunen har overordna ansvar for at dette skjer, men er ofte langt unna og det daglege ansvaret for oppfølginga av dette ligg til barnehagestyrar / rektor – som kan delegere oppgåver ift oppfølging av dette.

2. DEL 1: RUTINE FOR HEILSKAPLEG IVARETAKING AV BARN I FOSTERHEIM

2.1 FASE 1 – FØR barnet flyttar

Kva må vere på plass før barnet flyttar – og kven har ansvar?

Aktivitet	Ansvar	Dato/signatur
a) Barnevernet i bukommunen får informasjon frå Bufetat når fosterforeldre i den aktuelle kommunen har gjennomført PRIDE kurs og fått tilråding om å verte fosterforeldre.	Bufetat	
b) Bukommunen skal ha eit system for mottak av nye fosterbarn klart og det er kjent for alle aktuelle fagpersonar kva rolle og ansvar den enkelte har i høve helse, omsorg og læring	Bukommunen v. rådmann	
c) Før barnet kjem skal bukommunen informere aktuelle fosterforeldre om kommunen sitt system for mottak, oppfølging og tilsyn ift fosterbarn, jf. sjekklister. Informasjonen kan verte gitt skriftleg, gjennom telefon eller møter.	Bukommunen v/ tilsynsinstans	
d) Alle aktuelle fagpersonar kjenner til system for mottak av nye fosterbarn i kommunen – opplæring er gitt	Bukommune v.rådmann	
e) Nye fosterforeldre skal informerast om ➤ roller og ansvarsfordeling mellom omsorgskommune, bukommunen og BUFetat ➤ system for mottak og oppfølging av barn plassert i fosterheim i kommunen ➤ hjelpeapparatet i kommunen ➤ tilsynsordninga	Bukommune v. rådmann	

2.2 FASE 2 - NÅR barnet flyttar

Kva skal skje når eit barn flyttar til fosterheim – og kven har ansvar?

Aktivitet	Ansvar	Dato/signatur
a) Når barneverntenesta i ei kommune førebur ei plassering og vurderer aktuelle fosterforeldre, skal dei når dei har avgjort å gå vidare i prosessen med ein fosterheim, involvere barneverntenesta i bukommunen som skal delta på felles heimebesøk for godkjenning av fosterheimen FØR barnet kjem.	Omsorgskommunen v.barnevern	
b) Barneverntenesta i bukommunen skal ha tilsendt PRIDE-rapport for aktuelle fosterforeldre som grunnlagsdokument i den vidare godkjenningsprosessen	Omsorgskommunen v. barnevern	
c) Barneverntenesta i bukommunen godkjenner fosterheim og sender godkjenning til barneverntenesta i omsorgskommunen. Jmf sjekkliste under pkt 2.4.1	Bukommunen v. barnevern	
d) Det kan inngåast avtale om at omsorgskommunen godkjenner fosterheimen sjølv. Ein slik avtale skal vere skriftleg.	Omsorgskommunen v. barnevern	

e)	Barneverntenesta i omsorgskommunen skal parallelt informere aktuell skule/ barnehage i bukkommunen om at det sannsynlegvis vil kome eit barn til deira skule/ barnehage. Skulen/barnehagen må få informasjon om evt. spesielle behov, i anonymisert form.	Omsorgskommunen v. barnevern	
f)	Barnevernet i omsorgskommunen skal lage ein plan for overgangen frå gammal til ny skule/barnehage i samarbeid med skule/ barnehage i omsorgskommunen og bukkommunen, jmf eigne rutinar for skule/barnehage og PPT under pkt 2.4	Omsorgskommunen v. barnevern, barnehage/ skule Bukommune v. barnehage/ skule	
g)	Når barnevernet i omsorgskommunen har avgjort å plassere eit barn hos aktuelle fosterforeldre, skal barnevernet i bukkommunen ha melding umiddelbart.	Omsorgskommunen v. barnevern	
h)	Barnevernet i omsorgskommunen skal inngå ein skriftlege avtale med fosterforeldra, der vilkåra for plassering kjem fram	Omsorgskommunen v. barnevern	
i)	Barnevernet i bukkommunen skal ha tilsendt plasseringsvedtak og tiltak-/omsorgsplan som grunnlag for tilsynsbesøka	Omsorgskommunen v. barnevern	
j)	Barnevernet i bukkommune mottok melding om at det kjem eit fosterbarn til kommunen og aktiverer sitt system for mottak og oppfølging av fosterbarn i høve helse, omsorg og læring.	Bukommunen v. barnevern	
k)	Melding til tilsynsinstansen om å iverksette tilsyn	Omsorgskommunen v. barnevern	
l)	nnkalling til eit overføringsmøte der ein kallar inn dei ansvarlege frå fagtenestene som representerer helse, omsorg og læring frå begge kommunane. Møtet skal haldast i bukkommunen, og gjennomføring skal prioriterast innan ei veke, med desse deltakarane: • barnet – dersom barnet ønsker det • barnevernet i omsorgskommunen • fosterforeldre • helsesøster • styrar barnehage/ rektor skule • pedagogisk leiar barnehage/kontaktlærar skule • evt PPT • evt. biologiske foreldre Tema: • Informasjon om barnet historikk, nødvendig info om familieforhold. • Framlegging av barnet sine behov og ønsker • Kartlegging av fosterheimen sine behov for oppfølging frå hjelpeapparatet i bukkommunen og barnevernet i omsorgskommunen. • Informasjon om tenestetilbod i bukkommunen • Planlegging av tiltak for fosterbarnet/ fosterforeldra • Fordeling av ansvar ift heilskapleg ivaretaking av helse, omsorg og læring (HOL), jmf. sjekklistar	Omsorgskommunen v. barnevern	

• Avklare kven som skal vere barnet sin tillitsperson • Avklare kven som skal vere barnet sin kontaktperson frå kommunen på ny heimstad Dokumentasjon i barnet sin journal, og referat til aktuelle partar.		
---	--	--

2.3 FASE 3 - ETTER barnet har flytta

Korleis sikre heilskapleg ivaretaking av barnet etter flytting til fosterheim – og kven har ansvar?

Aktivitet	Ansvar
a) Ved behov for langvarige og koordinerte tenester skal bukommunen bistå med koordinatør og evt Individuell plan. Søknad skal sendast til koordinerande eining i bukommunen.	Omsorgskommunen ved barnevern
b) Bukommunen har ansvar for å yte nødvendige tenester til alle barn som bur i kommunen, og skal på eige initiativ ta ansvar for heilskapleg ivaretaking av barn i fosterheim når det er behov for det, i nært samarbeid med barnevern i omsorgskommunen	Bukommunen v. alle aktuelle instansar
c) Barnet skal ivaretakast ift både helse, omsorg og læring, og det blir anbefalt å opprette eit team rundt barnet ved flytting til ny heimstad. Teamet bør ha regelmessig kontakt, og bestå av • helsesøster og kontaktperson frå barnehage/skule frå bukommunen • Sakshandsamar frå barnevernet i omsorgskommunen • Evt. andre aktuelle instansar • Møtefrekvens etter barnet sine behov Teamet skal følgje opp både barnet, fosterforeldre og skulen/ barnehagen systematisk. Omsorgskommunen har ansvar for å utarbeide ein heilskapleg og langsiktig plan for barnet i samarbeid med teamet. Planen skal vere eit verktøy i oppfølging av barnet og skal innehalde: ➤ Opplysningar om kven som er koordinatør ➤ Opplysningar om kven som er deltakarar i teamet ➤ Avklaring av barnet og foreldre si rolle i teamet ➤ Avtale om oppfølging av fosterforeldre for å styrke deira kompetanse til å utøve foreldrefunksjonen for barnet ➤ Premissar frå vedtak i nemnda (ev. sosialrapport/plasseringsvedtak) ➤ Konkrete mål i høve helse, omsorg og læring der ein også avklarar evt. lovmessige rettar i tilfelle funksjonsnedsetting	Omsorgskommunen v. barnevern
d) Om barnet har behov for yttarlegare oppfølging, skal det takast initiativ til tverrfagleg drøfting med bukommunen og evt andre aktuelle instansar i td. spesialisthelsetenesta	Omsorgskommunen v. barnevern
e) Det skal gjennomførast min. 4 besøk i året i fosterheimen. Talet på besøk kan reduserast til 2 dersom barnet har vore plassert meir enn 2 år.	Omsorgskommunen v. barnevern
f) Biologiske foreldre skal ha tilbod om oppfølging, og barnevernet skal tilby å henvise foreldre til familievernet dersom foreldre ønsker det. Dette krev samtykke frå foreldre. Barnevernet kan også formidle at foreldre sjølv kan ta kontakt med familievernet. Familievernet har fått eit særskilt ansvar til å gje eit tilbod til foreldre som har blitt fråteken omsorga for barnet sitt. Foreldre kan få hjelp og støtte til å kjenne på følelser som fortviling, sakn, sinne, sorg, skuld og maktesløyse, samstundes som dei får hjelp til å sjå kva behov	Omsorgskommunen v. barnevern

barnet har slik at samvær skal bli best mogleg.	
g) Det skal utarbeidast samværsplan mellom barn og foreldre	Omsorgskommunen v. barnevern
h) Det skal gjennomførast tilsyn hos alle barn som bur i fosterheimen, min. 4 gongar i året, evt. 2 dersom barnet er over 15 år og har budd i fosterheimen i meir enn 2 år. jf. egne rutinar og sjekklister	Bukommunen v. tilsynsinstant
i) Følgje opp tilsynsrapport og evt. Iverksette tiltak. Ved alvorleg bekymring for situasjonen i fosterheimen, kalle inn til dialogmøte med det tverrfaglege teamet rundt fosterbarnet i bukommunen innan 1 veke	Omsorgskommunen v. barnevern
j) Informere bukommunen om endringar knytt til fosterbarnet	Omsorgskommunen v. barnevern
k) Dersom barnet skal flytte frå fosterheimen, sørge for ei verdig avslutting av opphaldet	Omsorgskommunen v. barnevern

3. DEL 2: RUTINAR FOR FORSVARLEG OG PROFESJONELT TILSYN MED BARN I FOSTERHEIM

3.1 Kven har ansvar for kva?

Aktivitet	Ansvar	Dato/signatur
a) Administrativt/politisk vedtak om kva instans som har ansvar for tilsyn med barn i fosterheim	Bukommune v. rådmann	
b) Registrere nye fosterbarn i sitt system og sikre at det blir iverksatt tilsyn	Bukommunen v. barnevern	
c) Iverksette tilsyn seinast innan 3 mnd etter ny plassering. Skal gjennomførast min. 4 gongar pr. år. Dersom ein vurderer tilhøva i fosterheimen som gode etter systematisk bruk av sjekklister, og barnet samtykker, kan bukommunen vedta at tilsynet skal reduserast til min. 2 gongar pr. år for barn som er fylt 15 år har vore plassert i fosterheimen i meir enn 2 år. Barnevernet i omsorgskommunen skal samtykke.	Bukommune v. tilsynsinstant	
d) Sikre at tilsynspersonar får naudsynt opplæring og at ein har eit system for oppfølging av desse, inkl. sikre politiattest, teieplikterklæring	Bukommunen v. tilsynsinstant	
e) Tilsynet skal kontrollere: - At barn i fosterheim får forsvarleg omsorg, jf. sjekklister - At omsorgskommunen har gitt tilbod om ein tillitsperson - At barneverntenesta i bukommunen har godkjent fosterheimen - At ein har naudsynt grunnlagsdokument til å gjennomføre eit tilfredsstillande tilsyn	Bukommunen v. tilsynsinstant	
f) Skrive rapport etter tilsyn innan 1 veke etter gjennomført tilsynsbesøk, jf. sjekklister og mal	Bukommunen v. tilsynsinstant	
g) Kvalitetssikre tilsynsrapportane og evt. be om supplerande opplysningar	Bukommunen v. tilsynsinstant	
h) Vurdere behov for om omsorgskommunen skal inneheste ytterlegare opplysningar frå miljø som barnet er i, t.d skule, barnehage	Bukommunen v. tilsynsinstant	
i) Sende godkjend rapport til barnevernet i	Bukommune v.	

omsorgskommunen innan 1 veke	tilsynsinstans	
j) Følgje opp tilsynsrapport- iverksette tiltak, evt. kalle inn til dialogmøte med med det tverrfaglege teamet rundt barnet innan 1 veke ved alvorleg bekymring	Omsorgskommunen v. barnevern	
k) Informere/ oppdatere om endringar i fosterbarnet sin situasjon	Omsorgskommune v. barnevern/ bukommunen v. tilsynsinstans	
l) Rapportere til Fylkesmannen ved alvorleg bekymring	Bukommunen v. tilsynsinstans	
m) Rapportere statistikk til Fylkesmannen/SSB	Bukommunen v. barnevern	

SJEKKLISTER

DEL 1: Rutine for heilskapleg ivaretaking av barn i fosterheim

Sjekkliste for barnevern i bukommunen – godkjenning av fosterheim

Kva?	Dato/signatur
Har bukommunen evt. tidlegare bukommunar informasjon om aktuell fosterheim	
Dersom fosterheimen har/ har hatt andre fosterbarn, korleis stiller omsorgskommunen seg til ei evt. ny plassering?	
Er det levert godkjend politiattest og helseattest?	
Er det gjennomført PRIDE- kurs? Korleis er vurderingane knytt til fosterheimen?	
Vurdering av om fosterforeldra har særleg evne, tid og overskot til å gje barnet ein trygg og god heim • Stabil livssituasjon • God helse • Gode samarbeidsevner (må kunne samarbeide godt med både barnet, biologiske foreldre og andre samarbeidspartar) • God vandel • Ordna økonomi, bustad og eit sosialt nettverk som kan gje høve til livsutfalding • Evne til å sjå barnet sine ulike behov og gje barnet merksemd og kontakt som det treng • Dersom fosterheimen består av to vaksne bør det vere eit utgangspunkt at dei har eit felle ansvar for oppdraginga og utviklinga til fosterbarnet • Fosterforeldra sin alder- bør ikkje vere for høg (unntak ved familieplassingar t.d hos besteforeldre) • Kva er hensiktsmessig: einebarn, eldst, yngst. Det bør vere ein viss aldersforskjell mellom barna	
Korleis vurderer evt. fostersøsken det å få eit nytt barn i familien ?	
Er det oppgitt referansar, td. frå barnevern, skule, barnehage, helsestasjon, PPT? Evt. vurder å få samtykke • Samarbeidserfaringar/ klima	
Geografisk beliggenhet? • Vurdering utfrå omfang av samvær	
Etniske, religiøse, kulturelle eller språklege omsyn	
Evt. ved familieplassingar vurdere: • Takle dobbeltrolla/ lojalitetskonflikt • Evne til å ta imot opplæring/ rettleiing	
Barnet og foreldra sine vurderingar av fosterheimen	

Sjekkliste for barnevern i omsorgskommunen ved flytting

HELSE	Dato/signatur
Er helsestasjonen i bukkommunen varsla, og er naudsynt informasjon overført?	
Må barnet skifte fastlege? Er det i såfall ordna?	
Må barnet skifte tannlege? Er det i såfall ordna?	
Er det gitt beskjed om å sende journalar til ny - helsestasjon – fastlege – tannlege?	
Har fosterforeldre, barnehage/skule fått nok informasjon om barnet si helse?	
Har barnet hatt helsesjekk før flytting i fosterheim? Sjå eiga sjekkliste. Er ansvar for oppfølging ift helse plassert og avtalt?	
Er det gitt melding til rett instans dersom barnet har - fysisk/ psykisk funksjonsnedsetting - generell utviklingsforstyrning - syndrom	
Har barnet Individuell plan (IP)? Har barnet behov for Individuell plan? Er melding om IP / søknad om IP sendt til koordinerende eining i bukkommunen?	
OMSORG	
Er barneverntenesta i bukkommunen involvert? ➤ Er dei invitert med på felles heimebesøk? ➤ Har barneverntenesta i bukkommunen fått tilsendt PRIDE-rapport vedr. aktuell fosterheim? ➤ Har barneverntenesta i bukkommunen godkjend fosterheimen? ➤ Er det evt. inngått skriftleg avtale om at omsorgskommunen godkjenner fosterheimen?	
Har fosterforeldra fått god nok informasjon om barnet sine behov?	
Har fostersøken behov for informasjon og evt. oppfølging?	
Er det utarbeidd målsetting og lagt ein plan for korleis tverrfagleg samarbeid rundt barnet skal fungere? ➤ Kven skal vere med? ➤ Møtefrekvens	
Har barnet oppdatert tiltaksplan/ omsorgsplan? Er det lagt ein plan for korleis dette skal følgast opp?	
Har tilsynsinstans fått tilsendt plasseringsvedtak og tiltak-/omsorgsplan?	
Er koordinator for det tverrfaglege samarbeidet rundt barnet i bukkommunen utpeika?	
Er det lagt ein plan for korleis fosterforeldra skal følgje opp ift (skal nedfellast i tiltaks-/omsorgsplan) ➤ Helse ➤ Omsorg – i heimen og på fritida ➤ Læring – i barnehage/skule	
Er det lagt ein plan for korleis hjelpeapparatet i bukkommunen skal følgje opp fosterforeldra?	
Er det lagt ein plan som sikrar at barnet til ei kvar tid har ein nærperson i bukkommunen å snakke med?	
LÆRING	
Har barnehage/skule fått varsel om mogleg flytting?	
Når flytting er avgjort –Er flyttemelding til ny barnehage/skule sendt?	
Har barnehage/skule/PPT i bukkommunen fått nødvendig informasjon om barnet sine behov og fungering? ➤ Trivsel/ psykososialt ➤ Fagleg ➤ Evt IUP / IOP – Årsrapport	
Er det utarbeidd ein plan for overgang til ny skule/ barnehage? Jf. sjekkliste	
Er det lagt ein plan for oppfølging av barnet ift læring?	

Sjekkliste for barnevern i omsorgskommunen etter flytting

KVA?	Dato/signatur
HELSE	
Får barnet den oppfølginga det har behov for ift helse? • Har fastlege hatt samtale med barnet? - i tilfelle når – kor ofte? • Har helsesøster samtalar med barnet – i tilfelle når – kor ofte? • Behov for anna oppfølging? Henvisning til 2. linje	
Er det behov for ny helsesjekk? • Synstest? • Tannlege? • Vekt/ernæring? • Astma/ allergi? • Søvn? • Psykososialt/ psykosomatisk? • Hørselstest • Blodprøver? • Behov for henvisning til 2. linje?	
Har barnet IP? Blir den følgt opp?	
OMSORG	
Korleis har barnet det i fosterheimen? Er samtale med barnet gjennomført? Beskriv korleis du opplever barnet – emosjonell tilstand: trygt, glad, trist etc..) Er barnet sine uttalar journalført og vektlagt ift det vidare samarbeidet med fosterforeldre og hjelpeapparat?	
Korleis har barnet det i barnehagen/ skulen og på fritida? Behov for oppfølging/ tiltak?	
Fungerer det tverrfaglege samarbeidet rundt barnet? Ansvar for gjennomgang ➤ Staus og rapport ved plassering ➤ Status og rapport x 4 pr. år Ansvar for medverknad frå barnet?	
Får fosterforeldra den oppfølginga dei har behov for? Dersom barneverntenesta rekrutterer fosterheimen sjølv, må ein melde frå til BUFetat om dette slik at fosterheimen får aktuelle tilbod om kurs og opplæring frå BUFetat. Har omsorgskommunen 4 evt. 2 besøk i året? Har fosterforeldra gjennomgått opplæring i traumebasert omsorg?	
Har barnet fått ein tillitsperson? Kven kan barnet evt. snakke med i kvardagen?	
Korleis får barnet medverke i saka si?	
Barnevernet i omsorgskommunen skal så snart som råd etter ei plassering tilby biologiske foreldre rettleiing og oppfølging, finne ut kva oppfølging foreldre ønsker, og kven som kan følgje dei opp i sorgprosessen. Herunder rettleiing (ift. oppfølging av barnet, samarbeid, samvær, tilbakeføring etc), kontakt med familievern og informasjonsutveksling (barnet og foreldre si utvikling)	
Vert det gjennomført tilsyn i tråd med lov og forskrift, jf. sjekklister	
Behov for dialogmøte med det tverrfaglege teamet rundt barnet i bukommunen?	
Informasjon til bukommunen om endringar i fosterbarnet sin situasjon?	
LÆRING	
Korleis fungerer barnet i barnehage/ skule? ➤ Trivsel/ psykososialt / fagleg	
Har barnet kontakt med PPT/ bør det meldast PPT? ➤ Har barnet IUP/IOP og blir denne følgt? ➤ Behov for tilrettelegging/ ytterlegare oppfølging?	

Sjekkliste for helsesøstre og fastleger – HELSESJEKK - barn i risiko

Barn som har levd med omsorgssvikt, eller vore utsett for vald/overgrep har særskilt høg risiko for å utvikle helseproblem.



Mange har ikkje vore følgt opp med regelmessig helsekontroll, og lever med vanskar som ikkje har blitt oppdaga. Fastlege har derfor eit spesielt ansvar for å avdekke helseproblem, sette i verk hensiktsmessige tiltak og samhandle nært med dei andre samarbeidspartane rundt barnet.

Spesielle risikogrupper:

- Fosterbarn
- Barn med hjelpetiltak fra barnevernet
- Familier med tilleggsfaktorer
 - Alvorlig sykdom hos omsorgshaver (inklusive psykisk sykdom)
 - Alvorlig sykdom hos søsken (inklusive funksjonshemming)
 - Manglende nettverk
 - Rus i familien/ nære relasjonar
 - Vold i familien/ nære relasjonar
 - Familiar som flytter mye
 - Aleneforelder med faktorane over forsterkar bekymring
- Flyktningar
- Barn med mange traumer/skadar

Opplysningar som bør følge barnet og vere dokumentert i barnet sin medisinske journal:

Sjekkliste fosterbarn/ barn i risiko

				Ansvar
Anamnese	Sosialt	Bosituasjon	Biologiske foreldre • En • Begge • Søsken Fosterhjem - samværsordning Institusjon Aleneboende	Barnevern i omsorgskommunen
		Økonomi	Foreldre i jobb Asylsøkende	
		Skole/barnehage	Barnehage Klassetrinn Fungering Konsentrasjonsvansker	Skole/ barnehage
		Sosialt nettverk	Venner og ivaretagelse av disse Annen familie	Barnevern i omsorgskommunen
		Fritid	Aktiviteter/ interesser	
		Nasjonalitet	Hvilket land	
			Ankomst til Norge	
			Forstår norsk	

	Tidligere helse	Svangerskap/ Fødsel	Problem i svangerskap? (inkl. rus, psykiske vansker og vold) Prematur?	Helsestasjon
		Vaksinasjoner		
		Utvikling	Generelle fysiske ferdigheter Språk Emosjonelt/ tilknytning Utagerende adferd/ konflikt Rus	Barnevern i omsorgs- kommunen
		Sykdommer	Innlagt sykehus Operasjoner Kronisk sykdom Oppfølging av psykisk helsevern Kjente allergier	Fastlegen
	Medikamenter			Fastlegen
	Naturlige funksjoner	Ernæring Spisevaner Oppkast	Konfliktsoner rundt mat Spisevegring Spesielle matvaner	Helsestasjon og fastlege
		Avføring	Dorutiner Forstoppelse +/- lekkasje Løs avføring? Avføringsmidler	Fastlege
		Vannlatning	Inkontinens	Fastlege
			Enurese	Fastlege
		Søvn	Leggetider/ leggerutiner Uro om natten/ natteskrekk Søvnproblem Sover i egen seng	Helsestasjon og fastlege
Psykisk helse			Angst Depresjon	Helsestasjon og fastlege
Klinisk undersøkelse	Generelt	Høyde/vekt	Percentiler BMI	Helsestasjon
		Ernæringsstatus		Fastlege
		Allmenntilstand		Fastlege
		Kontaktevne	Blikk-kontakt Kommunikasjon	Fastlege
		Samspill		Fastlege (alle)
		Hygiene	Stelt/vasket	Fastlege
		Syndromutseende?		Fastlege
		Normalt utviklet for alder		Fastlege
		Pubertetsutvikling		Fastlege
	Hud	Utslett Hudblødninger Tegn til skader Tegn til BCG Hår/negler	Nye/gamle/på uvanlige steder Sår/arr	Fastlege
	Munnhule	Tannstatus Slimhinner Tonsiller		Fastlege
	Ører	Otoskopi		Fastlege
		Hørsel		Helsestasjon
	Øye	Syn		Helsestasjon

	Hjerte/ sirkulasjon	Puls BT Auskultasjon		Fastlege
	Thorax/ Lunger	Respirasjon Auskultasjon	Skoliose Pustemønster	Fastlege
	Mage	Oppfyllninger Forstørrete organ	Forstoppelse	Fastlege
	Genitalia	Alle < 5 år Evt. andre	Kjønnslemlestelse? Pubertetsutvikling Skader Infeksjon	Fastlege
	Nevrologisk	Balanse Reflekser Grovmotorisk vurdering		Fastlege
	Supplerende undersøkelser	H-status Urin stix	Tilleggsundersøkelser ved funn eller mistanke om mangel- tilstander U.s. for innvandrere (egen prosedyre)	Fastlege

DEL 2: Rutine for forsvarleg og profesjonelt tilsyn med barn i fosterheim

Sjekkliste for barnevernet i omsorgskommunen – Tilsyn med barn i fosterheim

Ved flytting til fosterheimen	Dato/signatur
Har sendt brev til bukommunen med anmodning om godkjenning av aktuell fosterheim i forkant av plassering	
Ved henvending til bukommunen om godkjenning av ein fosterheim, også be om at det vert oppnemnd tilsynsperson for barnet	
Sørge for at bukommunen/ tilsynspersonen får relevant informasjon om barnet, målet med plassering, omsorgs- / tiltaksplan og informasjon om barnet har ein tillitsperson	
Eventuelt inngå ein skriftleg avtale med bukommunen om å få overført tilsynsansvaret til seg, evt. t ansvaret for oppdragsavtalen	
Innhente barnet sine synspunkt ved val av tilsynsperson og vidareformidle dette til bukommunen	
Journalføre den informasjon som er gitt til barnet og barnet sine synspunkt	
Introdusere tilsynsperson til barnet og fosterfamilien (vere med tilsynspersonen på første besøk)	
Under opphaldet	
Sjekk at dei lovpålagte tilsyna vert gjennomført og at rapport er motteke	
Sørge for at tilsynspersonen fortløpande får viktig informasjon om barnet og ved eventuelle endingar i barnevernsaka (sak i fylkesnemnd/ rettsapparat, endringar i planane)	
Gjennomgå tilsynsrapportene og følge opp eventuelle tilhøve som er påpeika i rapportane-eventuelt iverksette naudsynte tiltak	
På oppfølgingsbesøk, høyre med barnet og fosterforeldra korleis dei opplever tilsynet (har barnet oppnådd tillit til tilsynspersonen), informere om innhaldet i tilsynsrapportane	
I dei tilfella der omsorgskommunen har inngått avtale om ansvaret for å utføre tilsynet; rapportere til bukommunen ved evt. misforhold i fosterheimen	
Ved forslag frå bukommunen om at tilsynet skal reduserast til minimum 2 gongar i året for barn som er fylt 15 år og som har vore plassert i fosterheimen i meir enn 2 år, må det innhenta synspunkt frå barnet, fosterforeldra og evt. foreldra. Synspunkta må vurderast. Omsorgskommunen må samtykke til at bukommunen kan redusere talet på tilsynsbesøk, før dette vert bestemt	
Melde frå skriftleg til bukommunen dersom barnet vert tilbakeført til foreldra eller flytta ut av kommunen	

Sjekkliste for barnevern i bukommunen – Tilsyn med barn i fosterheim

Administrativt	Dato/signatur
Når ein får melding om eit nytt fosterbarn i kommunen, registrere det i barnevernet sitt datasystem/ arkivsystem	
Barnevernet skal ha oversikt over kven i kommunen som skal føre tilsynet	
Sørge for at tilsynspersonar gjennomfører opplæring før dei vert oppnemnd som tilsynspersonar for fosterbarn og får kurs så snart det er tilgjengeleg	
Sørge for at tilsynspersonen får eit eksemplar av veilederen "Tilsyn i fosterhjem" (Bufdir, 01/2015)	
Barnevernet kvalitetsikrer at tilsyna vert følgt opp og rapporterer til Fylkesmann/ SSB	
Ved flytting til fosterheimen	
Sikre at tilsynspersonen har ein tilstrekkeleg uavhengig funksjon overfor barneverntenesta både i bukommunen og omsorgskommunen og barnet sine foreldre	
Tilstrebe at tilsynspersonen har same kulturelle eller språklege tilhørighet som barnet eller har kompetanse i minoritetsbarnet sin eige språk eller kultur	
Innhente politiattest/ barneomsorgsattest og teieplikterklæring	
Inngå skriftlege avtalar i dei tilfella der omsorgskommunen ønsker å ha ansvaret for at det blir utført tilsyn- som inkluderer omsorgskommunen sin rapporteringsplikt ved eventuelt misforhold i fosterheimen	
Orienterer både barnet og fosterforeldra om kommunen sitt ansvar for tilsynet og kven som skal føre tilsyn med barnet. Barnet skal informerast om at det når som helst kan ta opp evt. problemer i fosterheimen eller i tilhøvet til barneverntenesta	
Utarbeide oppdragsavtale med tilsynspersonen (honorar, utgifter til reise, evt. aktivitetar med barnet, til opplæring, rettleiing), evt. avtale at omsorgskommunen gjer dette	
Avklare med tilsynspersonen behov for oppfølging og korleis etterfølgande rettleiing skal verte tilbydd	
Under opphaldet	
Sjekke at dei lovpålagte tilsyna vert gjennomført og at rapportane er mottekne	
Kontrollere at rapporten frå tilsynet gir tilstrekkeleg informasjon til at formålet med tilsynet vert vurdert ivarettatt	
Viss rapporten har manglar, be den som fører tilsynet om å skrive tilleggsrapport, og om naudsynt foreta supplerande vurderingar	
Når rapporten er godkjend sende den snarast til barneverntenesta i omsorgskommunen (innan ei veke) med kopi til barneverntenesta i bukommunen (viss det er ein annan instans i kommunen)	
Sende kopi av rapporten til Fylkesmannen dersom tilsynsrapporten viser alvorlege manglar i barnet sin omsorgssituasjon	
Ved etterfølgande tilsyn kontrollere at eventuelle tilhøve som er påpeika tidlegare vert følgt opp	
For barn som er fylt 15 år og som har vore plassert i fosterheimen i meir enn 2 år, skal bukommunen vurdere om tilsynet skal reduserast til minimum 2 gongar i året. Det føreset samtykke frå barnet og barneverntenesta i omsorgskommunen før dette vert bestemt	
Dersom ein tilsynsperson blir langvarig sjuk eller seier opp oppdraget, sørge for at tilsynspersonen informerer barnet og fosterforeldra, og avslutter kontakta med barnet på ein ordentleg måte	

Sjekkliste for tilsynsinstans i bukkommunen – Tilsyn med barn i fosterheim

FØR tilsynsbesøk:	Dato/signatur
Avklar med omsorgskommunen:	
Har barnet ein tillitsperson og korleis kan vi samarbeide med denne	
Er helsestasjonen varsla og er det sikra at naudsynt informasjon vert overført?	
Må barnet skifte fastlege og er det i såfall ordna?	
Har fosterforeldra fått nok informasjon om barnet si helse?	
Kan barnet vere i risiko for arvelege sjukdomar som fosterforeldra bør kjenne til?	
Har barnet hatt helsesjekk før flytting i fosterheim? Kven har utført undersøkinga? ○ Blodprøver ○ Sjekke syn ○ Tannlege? ○ Vekt/ ernæring ○ Astma/ allergi ○ Søvn ○ Psykososialt/psykosomatisk?	
Er det behov for oppfølging?	
Har barnet fysisk/ psykisk funksjonsnedsettelse ○ Generell utviklingsforstyrning/ lavt evnenivå/ syndrom	
Kva etnisk/ kulturell bakgrunn har barnet?	
Har barnet ein Individuell Plan (Individuell helseplan/individuell opplæringsplan/individuell tiltaksplan) ○ Kven har ansvar for kva ?	
Korleis fungerer barnet i skule/ barnehagen? • Trivsel/ psykososialt? • Fagleg? • Har barnet IOP/IUP og vert det følgt opp? • Er det kontakt med PPT? • Oppfølging frå fosterforeldra? • Behov for ytterlegare oppfølging?	
Er det spesielle tilhøve fosterheimskommunen må vite før tilsyn?	
UNDER tilsynet:	
Samtale med barnet:	
Informert barnet om tilsynet sin funksjon og rammene for fosterheimsplassering- herunder kva som blir skrevet i rapporten	
Er det gjennomført samtalar med barnet åleine?	
Er barnet gitt høve til å ta med ein tillitsperson?	
Korleis har barnet det: ○ Fysisk: sjukdom, ernæring/vekt, syn, tannhelse, søvn ? ○ Psykisk: trivsel, humør, konsentrasjon ○ Sosialt: i fosterheimen, skule/barnehage, fritid (venner, samspel)	
Korleis går det i skule/ bhg? ○ Er der ein person barnet har særleg tillit til? ○ Er opplæringa fagleg tilpassa? ○ Venner? ○ Er det noko som skulle vore annleis?	
Korleis går det i fosterheimen? ○ Er barnet kjend med egen tiltaksplan/omsorgsplan? ○ Korleis fungerer samvær med biologisk foreldre/ søsken, samværsplan? ○ Blir etnisk/religiøs, kulturell bakgrunn ivarettatt? ○ Klima i fosterheimen? Inkludering, samarbeid ○ Føler barnet seg trygg i fosterheimen (skala frå 1-10)	
Kva tenker du om hjelpa du får? Jf. skjema frå KS "Hva syns du?"	

Ev. andre ting som fosterbarnet ynksjer å formidle ○ Har barnet klager, spørsmål eller ønsker? ○ Vil barnet medverke til rapporten som blir skrevet?	
Ev. plan for å få svar på spørsmål barnet lurar på	
Samtale med fosterforeldre	
Har barnet ein tidsavgrensa tiltaks-/omsorgsplan? ○ Vert den følgt opp? ○ Vert barnet sin religiøse/kulturelle/ etniske bakgrunn ivaretatt?	
Har barnet ein gyldig samværsplan med foreldre/ søsken? ○ Vert den følgt opp?	
Vert føresetnadane i plasseringsvedtaket følgt opp?	
Er der tilhøve som barneverntenesta bør kjenne til ?	
Har fosterforeldra fått nok informasjon om barnet si helse?	
Har barnet hatt helsesjekk? ○ Blodprøver ○ Sjekke syn ○ Tannlege? ○ Vekt/ ernæring ○ Søvn Er det behov for oppfølging?	
Korleis er barnet si psykiske helse? ○ Humørsvingingar/ stemningsleie ○ Konsentrasjon ○ Endring av åtferd, t.d klenging, mareritt, byrje å tisse/bæse seg ut ○ Impulsiv/hyperaktiv/ vanskeleg temperamentstil ○ Sky/tilbaketrekt/ generelt uttrygg Behov for ekstra oppfølging?	
Korleis fungerer barnet psykososialt? ○ Korleis har han/ ho det i barnehagen/ skulen ? ○ Har barnet ein IOP, korleis vert den evt. følgt opp? Fagleg/ sosialt? ○ Fritid? ○ Relasjonar til andre vaksne? Samspel med andre barn? ○ Generell trivsel?	
Har barnet fysisk/psykisk funksjonsnedsetting? ○ Generell utviklingsforstyring/ lavt evnenivå/ syndrom ○ Somatisk sjukdom? ○ Behov for ekstra oppfølging?	
Korleis opplever fosterforeldra at dei mestrar oppgåva? ○ Opplever dei nok støtte og rettleiing? ○ God nok tverrfagleg samhandling rundt barnet?	
Dersom barnet er over 15 år: ○ Er det begynt å lage ein plan for omsorg når barnet når myndighetsalder?	

3.5 Mal tilsynsrapport - Rapport etter tilsyn med barn i fosterheim

1. Rapporten gjeld:	
Barn:	Født:
Fosterheim:	Omsorgskommune:
Dato og stad for tilsynet:	
Kven har tilsynspersonen hatt samtalar med og kven var til stades under tilsynsbesøket?	
2. Oppfølging frå førre tilsynsbesøk:	
Oppfølging av tilhøve som vart teken opp med barnet – oppfølging av punkt frå førre tilsynsbesøk	
3. Skildring av korleis tilsynsbesøket er planlagt og kva informasjon tilsynspersonen baserte planlegginga av tilsynsbesøket på:	
Hadde tilsynspersonen kjennskap til føresetnadane for plasseringa?	
<i>Det bør gjerast ei kort vurdering om det låg føre tilstrekkeleg informasjon for å planlegge tilsynet og ei skildring av kva som ev. mangla</i>	
4. Tilhøve som kom opp under tilsynsbesøket:	
Kva tilhøve tok barnet opp under tilsynsbesøket?	
Kva tilhøve tok fosterforeldra opp under tilsynsbesøket?	
5. Oppfølging av barnet sin kultur, språk, etnisitet og religion:	
Skildre korleis barnet sin kultur, språk, etnisitet og religion vert følgt opp i fosterheimen	
Vurdering om korvidt oppfølginga av barnet sin kultur, språk, etnisitet og religion er etter hensikta i vedtak om plassering og tiltaksplanen	

6. Tilhøve som barneverntenesta må avklare nærmare:		
Dersom barnet har teke opp tilhøve som ikkje kunne avklarast i samtalen mellom barnet og fosterforeldra må dette skildrast		
7. Tilsynspersonen sin vurdering av om tilsynsbesøket fungerte etter hensikta		
Føler du at barnet har tillit til deg som tilsynsperson?		
Er du rett tilsynsperson for dette barnet?		
Korleis fungerte kommunikasjonen med barnet?		
Fungerer gjennomføringa (organiseringa) av tilsynsbesøket med dette barnet etter hensikta?		
8. Tilråding for neste tilsynsbesøk		
Skildring av tilhøve som bør takast opp med barnet ved neste tilsynsbesøk		
9. Tilsynet sin vurdering av barnet sin situasjon		
<i>Det må skillast mellom kva som er barnet sine vurderingar, fosterforeldra sine vurderingar og tilsynet sine vurderingar. Det bør gå fram om tilsynspersonen er bekymra for barnet sin omsorg og utvikling i fosterheimen. Dette bør gjerast ved at det i rapporten kjem fram at:</i> - <i>Tilsynspersonen har ingen spesielle bekymringar for barnet utover det som allereie er skildra i dokumentet i saka</i> - <i>Ev. kva bekymringar tilsynspersonen har for barnet sin situasjon</i> - <i>Om tilsynspersonen ønskjer at barneverntenesta innhentar ytterlegare informasjon frå miljø som barnet er i (barnehage, skule eller liknande), med grunngjeving</i>		
10. Vurdering om talet på tilsynsbesøk bør reduserast		
Tilsynspersonen bør vurdere om talet på tilsynsbesøk bør reduserast frå fire til to gongar i året		
Stad	Dato	Underskrift